

# Bra frå helvete og ned



Kjell H. Mære:  
«FRA HELVETE OG NED»  
255 sider

Pila peikar rett opp for journalist Kjell H. Mære i avisa Valdres. Han har levert sin andre krim.

I fjor kom Mære med romanen «En til evigheten». Det var ein grei thriller der forfattaren presentere lesaren for eit ok persongalleri og eit pirrande plott.

I år tek Mære oss med fleire hakk vidare, både når det

gjeld plott, persongalleri og spenning. Som sist handlar det om drap, mange og til dels sofistikerte. Og medan den første boka til tider kunne vera litt stakkato, er årets utgjeving slik at me gler oss til den neste.

Me følgjer framleis politiførstebetjent Thor Due ved Fagernes lensmannskontor. Det er blitt meir liv i han no. Due er ein kjapping, men talar ikkje motgang særleg bra, anten det er på jobb eller heime. Han har merkeleg

kort lunte, og tyr til tilnærma førstegongsfyll når han skal døyve problem. I motsetnad til første boka, buttar det nemleg litt i privatlivet denne gongen.

Det at han i denne boka forlet lesaren med mange lause trådar, gjer at det skal bli moro å rive tak i neste bok når ho kjem. Viss ho kjem, forhåpentleg til neste år. Det syner seg å vera mange rotne bord i fasadane i Valdres.

**Olav J. Bøthun**